

## Referat etter møte i Fagleg Rådgjevande utval for Ålfotbreen landskapsvernomsråde

Tysdag 8. april 2014 kl 14.00 – 16.00 på Gloppen Hotell

### Oppmøte:

Ragna Flatla Haugland – SFE  
 Per Helge Eikeland – Svelgen Kraft  
 Martin Førde – grunneigar Ålfoten  
 Alvar Melvær – Sogn og Fjordane turlag

### Frå forvaltninga:

Ola Tarjei Kroken – styreleiar  
 Alf Erik Røyrvik – verneomsrådeforvaltar (referent)

### Meldt fråfall:

Fjordkysten Reiseliv  
 Reismål Stryn & Nordfjord  
 Nordfjord folkehøgskule  
 Leidulv Solvang – grunneigar Flora

### Ikkje møtt:

Arild Straume – grunneigar Gloppen  
 Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

### Saker:

#### 1. Opning av møtet

Styreleiar Kroken opna møtet og innleia kort om verneomsrådet og forvaltninga på vegne av verneomsrådestyret.

#### 2. Presentasjonsrunde

Vi tok ei runde rundt bordet der dei frammøtte presenterte seg og kva interesse dei representerte

#### 3. Presentasjon av verneomsrådet, regelverk og forvaltning

Verneomsrådeforvaltar Røyrvik heldt eit kort føredrag om landskapsvernomsrådet, verneføremål og –verdiar, regelverk og prosessar kring sakshandsaming.

#### 4. Konstituering av utvalet

- Fagleg Rådgjevande utval er konstituert med dei representantane som Ålfotbreen verneområdestyre har oppnemnt.
- Utvalet har ikkje valt leiar eller andre verv/roller. Alf Erik Røyrvik fungerer som sekretær gjennom si stilling som verneområdeforvaltar.
- Utvalet legg opp til eit møte i året. Dette skal vere på hausten, slik at utvalet kan komme med innspel til bestillingsdialogen.
- Møta skal fortrinnsvis leggest til fredagar på dagtid. Sandane er ein høveleg møtestad. På møta vert utvalet, verneområdeforvaltar, styreleiar og naturoppsyn kalla inn.

#### 5. Tiltak i og rundt verneområdet

Verneområdeforvaltaren fortalte kort om ulike tiltak som har blitt gjort i verneområdet siste åra og om tiltak som er aktuelle framover.

Midlane som forvaltninga får til tiltak i og rundt verneverdiane er statlege investeringsmidlar. Det vil seie at midlane kan brukast til investeringar som skal sikre og fremje verneføremålet og verneverdiane. Det kan vere skjøtsel, tilrettelegging og informasjonsarbeid.

Midlane kan ikkje brukast som tilskot.

Samarbeidsprosjekt og «spleiselag» med andre vil ofte vere aktuelt.

#### 6. Innspel frå utvalet til forvaltninga

- SFE har utfordringar kring tryggleiken ved sine installasjonar og anlegg. Nokre er gamle og ikkje so sikre lenger. Nokre vert brukte av turfolk, men SFE kan ikkje garantere for tryggleiken ved ålmenta sin bruk bår dei ikkje brukar riktig utstyr. SFE vil gjerne ha ein tettare dialog med friluftsbukarar kring dette og dei vil og gjerne ha ei avklaring på ansvarsforhold ved desse spørsmåla.
- Mange vatn er «overbefolka» med fisk. SFE som regulant er pliktig til å drive prøvefiske og følge med på tilstanden. Det bør jobbast med tilrettelegging for fiske slik at ein kan få auka uttaket av fisk i desse vatna.
- Martin Førde melder om at det er vanskeleg å krysse elva ved utløpet av Snønykevatnet. Det ligg utanfor verneområdet, men er på ruta som går opp mot Blåbrevatnet og verneområdet. Kanskje her bør lagast til ei bru?

- Sogn og Fjordane Turlag meiner det er behov for ei hytte i området ved Store Åskoravatnet. Denne vil ligge høveleg til for turar frå Ålfoten til Gjeugnabu og mellom Blåbrebu og Gjeugnabu. Aktuell plassering av hytta vil truleg ligge utanfor landskapsvernområdet. SFE er positive til dette ønsket, då det kan kombinerast med deira behov for sikringsbu og overnatting for personell tilknytt sine anlegg i området.